

---

Saksnr: 2020/36559-87  
Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.10.2021

**Fortidsminneforeningen Hordaland Avdeling. Tilskot til 150 årsmarkering**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet gratulerer Fortidsminneforeninga Hordaland Avdeling med sitt 150 årsjubileum, og gjev tilskot på 30.000 kroner til markeringa.
2. Midlane vert belasta fylkesutvalet sin rådveldekonto.

**Samandrag**

Fortidsminneforeningen Hordaland Avdeling er ein viktig frivillig aktør i kulturminnevernet og forvaltar og drifrar særst viktige kulturminne i Vestland. Dei søker om tilskot på 30.000 kroner til markeringa av sitt 150-årsjubileum.

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fortidsminneforeningen Hordaland Avdeling har søkt om tilskot på 30.000 kroner til markeringa av sitt 150 års jubileum 30. oktober i Håkonshallen. Bergen kommune finansierer sjølve mottakinga. Foreininga ønskjer ei utvida markering i kjellaren i Håkonshallen med kaffi og kaker som foreininga må koste sjølv.

### Vedtakskompetanse Fylkesutvalet

### Vurderingar og verknader

Fortidsminneforeningen Hordaland Avdeling gjer eit stort og viktig arbeid i drift og skjøtsel av kulturminne i Vestland. Fortidsminneforeningen Hordaland Avdeling har ansvaret for 7 eigedomar: Finnesloftet (Voss), Holdhus gamle kyrkje (Fusa), Lydvaloftet (Voss), Lysøen (Os), Moster gamle kyrkje (Bømlo), Nonneseter klosterruin (Bergen), Ullestadbua (Voss) og Stranges Stiftelse (Bergen). Dette er eigedomar det er viktig å halde i hevd, men som ikkje gjev store inntekter. Fortidsminneforeninga Hordaland Avdeling har motteke 230.000 kroner frå Vestland fylkeskommune gjennom tilskotsordninga Driftstilskot til Nasjonale og Regionale kulturminne, sjå [PS 22/2021](#).

Fylkesdirektøren meiner Fortidsminneforeningen avdeling Hordaland er viktig frivillig aktør i kulturminnevernet. Foreininga forvaltar og driftar særst viktige kulturminne i Vestland. Bergen kommune finansierer mottakinga i Håkonshallen og Fylkesdirektøren vurderer det som naturleg at fylkeskommune bidreg med eit tilskot til feiringa i anledning 150-års jubileet.

**Økonomi:** Tilskotet er ei eingongsløyving, og har ikkje store verknader for fylkeskommunen sin økonomi:

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Gjennom drifta av eigedomane sine, bidreg Fortidsminneforeningen Hordaland Avdeling til å oppfylle følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

### Konklusjon

Fortidsminneforeningen Hordaland Avdeling gjer eit stort og viktig arbeid i drift og skjøtsel av kulturminne i Vestland. Fylkesdirektøren rår til at det vert gjeve 30.000 kroner til markering av 150 - årsjubileet.